



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Formannskapet  
**Møtestad:** Møterom A, Rådhuset  
**Dato:** 30.04.2007  
**Tid:** 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

## SAKLISTE

### SAKER SOM GÅR VIDARE TIL KOMMUNESTYRET

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Sidenr.</b>
PS 37/07	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>	
PS 38/07	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>	
PS 39/07	<b>Avtale om leige av grunn i området Volda skisenter</b>	<b>Reser</b>
PS 40/07	<b>Regioninndelinga – høyring</b>	
PS 41/07	<b>Utbygging Hamnekvartalet</b>	
PS 42/07	<b>Energi- og miljøplan for Volda kommune</b>	

**PS 37/07 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 38/07 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Jarle B. Krumsvik	Arkivsak nr.:	2007/460
		Arkivkode:	611

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
39/07	Formannskapet	30.04.2007
39/07	Kommunestyret	03.05.2007

## AVTALE OM LEIGE AV GRUNN I OMRÅDET VOLDA SKISENTER RESET

### Administrasjonen si tilråding:

1. Framforhandla avtale vert ikkje godkjent
2. Forhandlingsutvalet vert beden om å starte forhandlingar med sikte på frivillig grunnavståing. Dersom dette ikkje let seg gjennomføre vert administrasjonssjefen beden om å førebu ei sak om oreigning.

### Vedleggsliste:

1. Formannskapssak 19/07
2. Brev frå Volda Skisenter AS av 210207
3. Brev til grunneigarane v/adv. Hove av 270207
4. Brev frå grunneigarane v/adv. Hove
5. Avtaleutkast

### Saksopplysningar:

Når det gjeld saksopplysningar viser eg i hovudsak til saksutgriinga som vart framlagd til Formannskapet i møtet den 050207, sjå vedlegg 1.

Saka vart sist handsama i Formannskapet den 050207. Formannskapet fatta då slikt vedtak:

1. *Formannskapet utset handsaminga av avtale mellom Volda kommune og grunneigarane på Reset.*
2. *Forhandlingsnemnda får i oppdrag å drøfte avtalen med tanke på om det er mogleg å etablere ein framleigeavtale med Volda Skisenter AS.*

Forhandlingsnemnda har hatt møte med Volda Skisenter AS. Volda Skisenter har også i brev til kommunen gjeve sitt syn på den framforhandla avtalen og stilt krav om endringar på fleire punkt, sjå vedlegg 2. På denne bakgrunn har administrasjonssjefen i brev av 270207 til grunneigarane v/adv. Hove kravd at avtalen må endrast, sjå vedlegg 3. I brev av 190407 har adv. Hove på vegne av grunneigarane gjeve tilsvar, sjå vedlegg 4.

Eg vil nedanfor kommentere dei einskilde endringane som er kravd og grunneigarane sine reaksjonar. Volda kommune kravde at ein i pkt. 1 i avtalen la til ei setning om å vise til gjeldande reguleringsplan. Dette er akseptert av grunneigarane. Vidare kravde vi ei tilføyning i pkt. 2,5.ledd om at tømmeret skal fjernast innan 30 dagar og at uttaket skjer i samarbeid med skogmynde. Dette er akseptert av grunneigar.

Det vart også kravd at pkt. 3,2. ledd vart endra slik at gjeldande avtalar gjeld ut avtaleperioden, men ikkje lenger. Vilkår skal deretter erstattast med dei vilkår ein kjem fram til ved skjønet. Dette er ikkje akseptert av grunneigarane  
I same punkt i 3. ledd kravde vi at avtalen skal gjelde i 60 år med 10 års einssidig forlengingsrett for leigetakar på same vilkår. Dette er ikkje akseptert av grunneigar.

Leigereguleringsmekanismene i pkt. 4,2. ledd er etter vår oppfatning for kompliserte og vi kravde ei forenkling slik at leiga regulerast kvart 10. år og då etter SSB sin konsumprisindeks. Dette er berre delvis akseptert av grunneigar. Dei krev å få adgang til nytt skjøen kvart 20. år. Punkt 6 i avtaleforslaget er ei gamal formulering som har hengt igjen frå tidleg fase i forhandlingane, og forhandlingsutvalet har vore usikker på kva det egentleg er meint med denne formuleringa. Grunneigarane legg fylgjande i formuleringa: Dersom grunneigarane ein gong i framtida vil bygge veg i området og denne vegen må krysse løyper og/eller tilkomstvegar er det leigetakar som skal koste desse kryssløysingane (eks. med bru eller undergong). Forhandlingsutvalet kravde at denne punktet skulle erstattast med ei formulering som som påla grunneigar å reparere skader og spor i løypetrasear som oppstår som fylgje av grunneigars bruk av kjøretøy og liknande. Grunneigarane godtek ikkje at noverande pkt. 6 går ut. Dei godtek imidlertid eit nytt punkt som pålegg grunneigar reparasjonsplikt slik vi kravde.

### **Vurdering og konklusjon:**

Som ein ser så er forhandlingsutvale sine krav om endringar i avtaleforslaget berre delvis i møtekomne av grunneigarane. På viktige område – som for eksempel pkt. 3,2 eksisterande avtalar, pkt. 4,2 leigereguleringa og særleg pkt 6 om kryssløysingar – aksepterer ikkje grunneigarane forslaget til endringar. Kva Skisenteret AS meiner om avtalen no er ikkje avklart. Eg går ut ifrå dei vil gje uttrykk for dette i den politiske prosessen som no startar. Forhandlingsutvalet har heller ikkje drøfta svaret frå grunneigarane, men eg går ut ifrå at dei – som sist – vil stå fritt i høve den politiske prosessen.

Administrasjonssjefen for sin del vil konstatere at vi til tross for årelange forhandlingar ikkje har klart å kome fram til eit forhandlingsresultat som Kommunestyret etter mitt syn bør godkjenne. Eg legg då særleg vekt på

- pkt. 2,5. ledd pålegg leigetakar store utgifter ved skogrydding
- pkt. 3,2. ledd der inngåtte leigeavtalar skal gjelde også utover avtaleperioden. Etter mitt syn vil ein då etablere ei uheldig forskjelsbehandling i området.
- pkt. 5 der leigetakar vert pålagt å bygge skogstraktorveg til Kleppesetra, og
- pkt. 6 om kryssløysingar som kan medføre store utgifter for leigetakar.

Eg vil anta at dette er utgifter som leigetakar (kommunen) ikkje kan velte over på framleigar (Volda Skisenter AS).

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Sjå vedlegg 1

### **Økonomiske konsekvensar:**

Sjå vedlegg 1.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Jarle B Krumsvik  
adm. sjef

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Grunneigarar etter liste

Volda Skisenter AS

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2007/769

Arkivkode: 020

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
40/07	Formannskapet	30.04.2007
40/07	Kommunestyret	03.05.2007

## REGIONINNDELINGA - HØYRING

### Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre meiner at regionreforma må gjenreise eit sterkt, regionalt og lokalt folkestyre der utviklinga må styrast av lokale og regionale folkevalde i kommunane og regionane. Fylkesmannsembetet bør endrast til regionale statlige kontor for tilsyns- og lovlegheitskontroll. Kommunestyret ber Stortinget gå lenger med omsyn til overføring av statlige oppgåver til det regionalt folkevalde nivå enn det St.meld. nr. 12, "Regionale fortrinn – regional framtid", legg opp til.

Volda kommunestyre meiner at det bør bli overført fleire oppgåver innan kultur, Innovasjon Noreg sin virkemidlar, forskning, utdanning, folkehelse og samferdsel. T.d. bør Statens Vegvesen kunne omorganiseras slik at kvar region får sitt eige vegkontor, og at naudsynte nasjonale funksjoner vert verande i Vegdirektoratet.

Under ovannemnde føresetnader meiner Volda kommunestyre at Regionmodellen bør veljast, og då slik at grensene for det noverande Vestlandsrådet utgjør region Vestlandet (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal).

### Vedleggsliste:

1. Brev av 11.1.07 frå KRD m/vedlegg (brev av 9.1.07 til fylkeskommunane)
2. Brev av 15.2.07 frå Møre og Romsdal Fylke m/div. vedlegg
3. K-sak 1/05: NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regioner (Distriktskommisjonen)
4. K-sak 11/05:"Strategisk analyse av kommunestrukturen på Søre Sunnmøre"
5. K-sak 22/06: Forvaltningsreform – oppgåver og prinsipper.
6. Kortversjon av St.meld. nr. 12 (2006-2007)

### Uprenta saksvedlegg:

Sjå [www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/Kommune- og\\_fylkesforvaltning/](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/Kommune- og_fylkesforvaltning/)

Sjå [www.ks.no/templates/Topic.aspx?id=33068](http://www.ks.no/templates/Topic.aspx?id=33068)

### Samandrag av saka:

I kjølevatnet av Distriktskommisjonen si utreiing frå 2004, der fleirtalet rår til framhald av tre forvaltningsnivå i Noreg, har regjeringa arbeidd vidare med spørsmålet om kva "mellomnivået" skal ha ansvar for, og korleis dette "mellomnivået" skal inndelast geografisk.

Regjeringa la i desember -06 fram St.meld 12 . 12 (2006-2007) ”Regionale fortrinn – regionale framtid”. I Stortingsmeldinga presenterer regjeringa m.a. forslag til oppgåver til dei nye folkevalde regionane. Spørsmålet om endringar i inndelinga vart utsett, og dette spørsmålet er no sendt ut på høyring til kommuner og fylke/-skommuner.

## **Saksopplysningar:**

### **1. Distriktskommisjonen:**

Kommunestyret handsama i januar 2005 Distriktskommisjonen si utgreiing, og gjorde m.a. følgjande vedtak:

*”Volda kommunestyre sluttar seg til fleirtalet i Distriktskommisjonen som meiner det skal vere tre folkevalgte nivå, der hovedstrategien er ei desentralisering av ansvar og mynde slik at avgjerder vert fatta på lavast mogeleg effektive forvaltningsnivå.”*

Eg viser til vedlegg 1. for nærare omtale av dei tilrådingar kommisjonen la fram og kommunestyret sitt samla vedtak omkring dette.

### **2. Kommunestruktur:**

Om lag parallelt med handsaming av Distriktskommisjonen si utgreiing, vart kommunane utfordra av KRD og KS om å vurdere kommunestrukturen. Her på Søre Sunnmøre hadde regionrådet alt sett i gang ei utgreiing om dette, og Møreforsking vart engasjert for å kome med ei fagleg vurdering. Denne vurderinga låg føre i mai-04, og i løpet av våren 2005 vart også denne utgreiinga handsama. Møreforsking kom med forslag om å slå saman alle sju kommunane, men behalde noverande kommuner som basiskommunar i høve utøvande funksjonar. Alle kommunane på Søre Sunnmøre konkluderte med at ein vil halde på noverande kommunestruktur, og heller satse på utvida interkommunalt samarbeid, jfr. vedlegg. 2.

### **3. Forvaltningsreform:**

Regjeringa si politiske plattform vedteken 13.10.05 (Soria Moria-erklæringa) slår fast at ei reform i forvaltninga skal gjennomførast pr. 1.1.2010, og KS ba ved brev av 8.2.06 kommunane om å kome med synspunkt på oppgåvedelinga mellom forvaltningsnivåa. Kommunestyret handsama dette spørsmålet 30.3.06, sak 22/06, og eg viser her til vedlegg 3 for nærare omtale av kommunestyret sin standpunkt om kva oppgåver som bør løysast av kva nivå.

Kommunestyret er altså samd med regjeringa om at vi bør ha tre forvaltningsnivå i Noreg og at vi skal ha kommunestruktur på Søre som no. Vidare har kommunestyret kome med synspunkt på kva oppgåver ”mellomnivået” bør ha ansvar for. Når det gjeld korleis ”mellomnivået” geografisk skal inndelast, sa kommunestyret i sak 22/06 følgjande:

*”Før ein tek stilling til storleik på regionane, må fordelinga av dei politiske oppgåvene til dei enkelte nivå verte meir klarlagd.”*

### **4. Regioninndeling:**

I St.meld.nr.12 (2006-2007) som vart lagt fram 8.12.06, gjer regjeringa framlegg om at det vert overført makt og mynde til det regionale folkevalde nivået (”mellomnivået”). Det går fram at *” Kommunene og staten skal fortsatt være de viktigste leverandørene av velferdstjenester, mens regionene skal være de sentrale regionale utviklingsaktørene. Det vil si at de skal være drivkraften i å utnytte lokale og regionale fortrinn. For å fylle denne rollen må regionene få ansvar og virkemidler i et omfang som gjør dem til interessante samarbeidspartnere for kommuner, næringsliv og andre aktører. Med et utvidet*

*handlingsrom følger også forventninger om at regionene skal utgjøre en forskjell. Utviklingsarbeidet må gjøres i nært samarbeid med aktuelle samarbeidspartnere.”*

Målet for reforma skal i følge meldinga vere:

- *Et forsterket folkestyre og demokrati på lokalt og regionalt nivå gjennom desentralisering av makt og myndighet og klar ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåene.*
- *En mer samordnet og effektiv offentlig forvaltning ved at ulike sektorer ses i sammenheng innenfor den enkelte region.*
- *Verdiskaping og sysselsetting basert på lokale og regionale fortrinn og forutsetninger, som sikrer det framtidige grunnlaget for velferden i samfunnet.*
- *Effektiv ivaretagelse av nasjonale mål som for eksempel bærekraftig utvikling, likeverdige tjenestetilbud og rettssikkerhet for den enkelte.*

Regjering legg opp til at dagens fylkeskommunale oppgåver skal overførast til dei nye folkevalde regionane, med mogleg unntak av tannhelsetenesta. Det vert såleis lagt opp til at *utviklingsoppgåver* skal utgjere ein vesentleg del av regionane sine oppgåver. Innafor dette omgrepet ligg etter regjeringa sitt syn følgjande:

- Samferdsle
- Næringsutvikling
- Miljøvernområdet
- Landbruk- og matområdet
- Marin sektor
- Kultur
- Forsking og utdanning
- Regional planlegging

For nærare omtale av innhaldet i desse oppgåvene viser eg til side 6 og 7 i kortutgåva til St.meld. nr. 12, jfr. vedlegg 4.

Når det så gjeld samanhengen mellom regional inndeling og oppgåveportfølje skisserer regjeringa tre alternative modellar: Forsterka fylkesmodell, mellommodell og Regionmodell. Innhaldet/skilnaden i dei tre modellane kan skisserast slik

#### **a) Forsterka fylkesmodell**

- Regioninndelinga vil i hovudsak tilsvare dagens fylkesinndeling, men enkelte fylke kan bli slått saman
- Identiteten og tilhøyringa folk har til fylket sitt vil bli vidareført
- Næringsliv og frivillige organisasjonar som i stor grad har bygd opp ein struktur rundt fylkesinndelinga, vil ikkje måtte endre si organisering
- Vil i tillegg til dei oppgåvene fylkeskommunen har i dag, få nye oppgåver innafor samferdsel, næringsutvikling, landbruk, miljøvern, marin sektor, kultur, utdanning og forskning, samt regional planlegging (sjå punkt 4 i kortversjonen av stortingsmeldinga)
- Små konsekvensar for valkrinsinndelinga
- Førar ikkje til sentralisering internt i regionen
- Mindre økonomiske og administrative konsekvensar
- Storleiken avgrensar kva oppgåver det kan vere teneleg å overføre frå staten til regionane

#### **b) Mellommodell**

- Eit middels tal regionar – dei fleste fylka vil bli slutta saman med eit eller fleire nabofylke
- Krevjande prosess å etablere inndelinga

- Utfordrande å byggje opp ny identitet – ikkje naturlege identitetsregionar
- Det vil kunne bli overført nokre ekstra oppgåver utover det som blir gitt ein forsterka fylkeskommune innafor samferdsel.
- Valkrinsinndelinga ikkje lett å få til i denne modellen
- Relativt store økonomiske og administrative konsekvensar utan særlege gevinstar på andre område
- Regjeringa oppfattar modellen som uaktuell

### c) Regionmodell

- Få regionar, som i stor grad tilsvarar landsdelane
- Alle fylker bli rørt ved gjennom samanslåingar, og nokre fylke kan bli delt
- Fylkesidentiteten blir gradvis erstatta av ein landsdelsidentitet
- Fylka blir oppretthald som valkrins for stortingsval
- Næringsliv og organisasjonar vil måtte vurdere å endre sin organisering og innretning vesentleg
- Det vil kunne bli overført fleire oppgåver utover det som blir gitt ein forsterka fylkeskommune innafor samferdsel og kultur
- Landsdelsregionar vil vere mindre egna til å utføre oppgåver som har med direkte oppfølging, kontakt og samhandling med kommunane å gjere
- Regionmodellen legg til rette for samling, etablering og utnytting av store ressursar og miljø for regional utvikling
- Ein utfordring i denne modellen er å skape tette og gode koplingar til lokalsamfunn, kommunar og område som omfattar fleire kommunar
- Samansetninga av ulike regionale og lokale fortinn og stadbundne kvalitetar vil kunne gi vesentlege positive synergieffektar
- Ei utfordring vil vere å trekke heile regionen med i utviklingsarbeidet, slik at synergieffektar kjem alle delar av regionen til gode
- Regionen vil kunne ivareta sitt ansvar på ein effektiv og kvalitetsmessig god måte
- Desse regionane vil på lengre sikt og kunne få ansvar for andre tenesteområde enn dei som kjem i denne reforma
- Ein mogleg konsekvens av modellen er sentralisering internt i landsdelen ved at landsdelshovudstaden vil trekke til seg arbeidskraft og busetting på kostnad av andre sentra i landsdelen
- Store regionar førar til auka avstand til avgjerdstakarar og regionale styresmakter, og til auka geografiske avstandar generelt sett. Dette har konsekvensar for tilgjenge til tenestar og kan gi redusert kontakt og høve til påverking
- Store regionar kan pga. auka avstandar føre til at nokre område i regionen kan kome i ein posisjon der dei i mindre grad enn resten av regionen kan nyttiggjere seg dei fordelane som følgjer med ein større region
- På den andre sida kan store regionar tenkjast å motverke sentraliseringa til austlandsområdet
- Betydelege økonomiske og administrative konsekvensar og vesentlege omstillingskostnadar

I Møre og Romsdal Fylke sitt høyringsbrev av 15.2.07 skriv fylkesordføraren at ”Argumenta som blir teke fram i meldinga, talar etter vår oppfatning for at regjeringa vektlegg den forsterka fylkesmodellen. Meldinga tek opp mange av dei argumenta som fylkestinget i Møre og Romsdal har lagt til grunn når dei tidlegare har gitt høyringsuttale om oppgåvefordeling og regionstruktur”.

I meldinga går det ganske klart fram at regjeringa ser det som lite hensiktsmessig å legge mellommodellen til grunn for den framtidige inndelinga av det regionale nivået. Ein står då att med to alternativ: Forsterka fylkesmodell og Regionmodell.

## 5. Val av modell:

Kommunestyret har i dei tidlegare sakene om forvaltningsreforma utsett spørsmålet om regioninndeling, jfr. at kommunestyret i sak 22/06 følgjande:

*”Før ein tek stilling til storleik på regionane, må fordelinga av dei politiske oppgåvene til dei enkelte nivå verte meir klarlagd.”*

I St.meld.12 er for så vidt oppgaver klargjorde (sjå m.a. KRD sitt brev til fylkeskommunane av 9.1.07), og det kan då vere klart for val av modell. I høringsbrevet frå fylket går det fram at regjeringa ønskjer at høyringsinstansane fattar vedtak om:

1. Grunnlagt preferanse for forsterka fylkesmodell eller regionmodell
2. Forslag til eiga inndeling innafor a) den føretrekte modellen og b) den andre modellen

KRD skriv i oppdragsbrevet til fylkeskommunane at i vurderinga av regioninndeling bør ein ta utgangspunkt i desse tre kriteria:

- Storleik (innbyggjartal/geografisk utstrekning)
- Funksjonalitet (omsyn til tenesteproduksjon/næringsutvikling/samfunnsutvikling)
- Identitet

Gitt dei måla som er sett for reforma (sjå ovanfor), vil det og vere naturleg å bruke demokrati (høve til medverknad) som eit kriterium for inndeling av regionane.

Ordførarane på Sunnmøre samla til møte 21.2.06 drøfta spørsmålet om regioninndeling, og kom då fram til følgjande:

- Vi treng ein region mellom Bergen og Trondheim
- Møre og Romsdal har neppe noko framtid som eigen region
- Unaturleg at Møre og Romsdal skal vere ein eigen region dersom alle andre regionar vert større
- Vi går inn for ein Region Nordvestlandet som kan omfatte Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane
- Nordvestlandsregionen kan få tyngde nok og bli ein slagkraftig internasjonal region

I saksutgreiinga til sak 22/06 sa eg meg samd med dei synspunkt ordførarane kom med, i det eg skreiv følgjande: *”for oss på Sunnmøre er det naturleg med ein region Nordvestlandet, som er omfatta av noverande Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Slik vi ser det vil dette vere ein region som kan klare å løyse dei oppgaver som regionane er føresett å skulle dekke..”*

Som kommunestyret er kjend med ynskjer fylkestinget at Møre og Romsdal skal halde fram som eigen region. Fylkestinget gjorde i T-sak 47/05 følgjande vedtak (punkt 3a):

*”Møre og Romsdal fylkesting avviser store landsdelsregionar til erstatning for dagens fylkeskommunar. Møre og Romsdal utgjer ein naturleg region utifrå geografi/topografi, næringsstruktur, utdanningsstruktur, samferdsel og regional identitet. Utviklinga av næringslivet i fylket med satsing på partnerskap, nyskaping og gründerånd m.m. er best tent med mindre geografiske einingar der storregionmodellen kan skape for stor avstand og bli for dominert av storbyane Bergen og Trondheim. Møre og Romsdal er eit av dei største eksportfylka med stor industrisysseletting og verdiskaping, og stor nok til å danne eigen region.”*

Fylket sitt ynskje om å halde fram som eiga eining er framført for Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget 12.2.07, jfr. vedlagde brosjyre, der det vert framhalde at einskapsfylket er ønska som ein framtidig regionmodell for Møre og Romsdal.

I denne samanheng finn eg å ville ta fram att det eg skreiv i sak 22/06 om samhandlinga mellom kommuner og regionar:

*”Vi har det inntrykk i dag at einskapsfylket Møre og Romsdal så langt ikkje har følgd godt nok opp i rolla som ”regional utviklingsaktør”. Med det meiner vi at fylket virkar å vere meir oppteken av å styrke si eiga stilling som organisasjon og ”samordnar” enn å syte for førestnader for gjennomføring lokalt ute i kommunane. Oppgåver/prosjekt/ nye tiltak initiert frå staten er som regel føreset gjennomført ute i kommunane. Vårt intrykk er likevel at i samordninga sitt namn vert prosjektmidlar nytta til oppretting av koordinatorstillingar i fylket, slik at mindre del av midlane vert tilført lokalnivået, som skal utøve tenesta.*

*Vi føreset at ved oppretting av nye og større regionar vert oppgåvefordelinga gjort så klar, at kommunene si rolle som utøvar av etablerte og nye tenester ikkje vert ”filtrert” av regionen. Begge rapportane i denne saka tykkjeset vere klare på dette, jfr. at det i rapporten ”Kommunene og fovaltningsreformen ” står m.a. følgjande:”Regjeringserklæringen fastholder nærhetsprinsippet som hovedprinsipp for organisering av tjenester i offentlig sektor. Dette innebærer at oppgaver skal løses på lavest mulig hensiktsmessig forvaltningsnivå. Kommunesektoren vil dermed høyst sannsynligvis øke porteføljen også i årene som kommer, snarere enn å redusere den.... Parallelt med en gjennomgang av dagens oppgavefordeling, må en vurdere styringsforholdet mellom staten og kommunesektoren og krav til samhandling mellom regionene, regional stat og kommunen for å videreutvikle det lokale folkestyret, tjenesteproduksjon og samfunnsutvikling lokalt.”*

Mitt poeng med ovannemnde var å gjere det klart at den nye folkevalde regionen må vere så stor og sterk (kanskje mest i høve staten) at kommunane si rolle som velferdsleverandør ikkje vert svekka, men heller styrka, jfr. regjeringa si målsetting med heile regionreforma.

Elles kan nemnast at Senterpartiet, som hadde landsmøte no i mars, og kom då med følgjande fråsegn i høve regionreforma:

*”Regionreformen må gjenreise et sterkt, regionalt og lokalt folkestyre der utviklingen må styres av lokale og regionale folkevalgte i kommunene og regionene. Fylkesmannsambetet endres til regionale statlige kontor for tilsyns- og legalitetskontroll. Det innebærer at beslutninger på miljø og landbruk basert på skjønn, flyttes til regionale folkevalgte organer. Bare slik kan folkevalgte organer igjen ta et samlet grep om viktige regionale samfunnsoppgaver*

*Senterpartiets Landsmøte ber Stortinget gå lenger med hensyn til overføring av statlige oppgaver til det regionalt folkevalgt nivå enn det St.mld. nr. 12, ”Regionale fortrinn – regional framtid”, legger opp til.*

*Landsmøtet i Senterpartiet ber derfor om at partiets stortingsgruppe i forbindelse med behandlingen av meldinga, uavhengig av modellvalg, bidrar til at det blir overført flere oppgaver i tilknytning til kultur, Innovasjon Norges virkemidler, forskning, utdanning, folkehelse og samferdsel. Statens Vegvesen omorganiseres slik at hver region får sitt eget vegkontor, og at nødvendige nasjonale funksjoner forblir i Vegdirektoratet. På sikt mener Senterpartiets Landsmøte at også spesialisthelsetjenestene og de regionale høgskolene må underlegges regional folkevalgt styring.”*

*Dette vil sikre at det framtidige regionale nivå blir robust nok til å bli varig. På den måten kan regionale forskjeller utnyttes til beste for hele landet og samtidig danne en motkraft mot sentraliseringen.*

### **Vurdering og konklusjon:**

I høyringsbrevet frå fylket heiter det: ”I regionmodellen vil alle delar av fylket vårt bli periferi – sett både frå Trondheim og frå Bergen. Møre og Romsdal fylke meiner dette argumentet må veie tungt ved vurdering av ny regioninndeling.” Slik eg ser det vil ein forsterka fylkesmodell, beståande av Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane kunne utgjere ei eining som kan ta dei oppgåver St.meld. 12 skisserer, og som ordførarane på Sunnmøre har peika på: denne Nordvestlandsregionen kan få tyngde nok og bli ein slagkraftig internasjonal region. I ein slik region vil Søre Sunnmøre vere ”i midten”, og også utgjere eit vesentleg tyngdepunkt innan næringsliv, kulturliv, utdanning/forskning og offentleg forvaltning elles.

Vidare vil eg peike på det samarbeidet som skjer mellom regionråda på Søre Sunnmøre, Ålesundsregionen og Nordfjord, og det påemna samarbeidet også mot Nord-Gudbrandsdal (Triangelregionen).

Skal ein verkeleg ta opp kampen mot sentraliseringa til Osloområdet, bør ein kanskje velje Regionmodellen, der grensene for noverande Vestlandsrådet utgjer region Vestlandet (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal). Først då kan ein snakke om ein region med tyngde, jfr. den verdiskapinga som denne landsdelen står, ikkje minst dei eksportretta næringane. Det er ikkje sikkert at stortingspolitikarane ynskjer slike sterke folkevalde regionar, både ut frå at enkelte av desse (vår region særleg) vil bli for sterk i høve andre deler av landet, og at ein slik region vil kunne ”utfordre” makta til stortingspolitikarane, for det er til sjuande og sist dette det er snakk om: makt.

Det viktigaste i ein slik regiondebatt er såleis kva oppgåver (eller makt) den folkevalde regionforsamlinga skal ha. I den debatten om dette som no går føre seg, synest det som om der er ein resignasjon ute og går: noverande regionspolitikarar (fylka) meiner at dei oppgåvene som er skissert overdratt ikkje er tunge nok, og dermed er signala at fylkeskommunane kan bestå som no. Engasjementet om regioninndelinga er altså avhenging av oppgåvene (maktoverføring), jfr. at landsmøtet i SP ynskjer at Stortinget skal gå lenger med omsyn til overføring av statlege oppgåver enn det St.meld.12 legg opp til, sjå sitatet ovanfor.

Uansett: Nærleiksprinsippet, det at oppgåver (herunder maktutøving) skal løysast på lågast mogleg hensiktsmessig forvaltningsnivå (kommunane), må stå fast. Kommunane må såleis kunne få auka ”porteføljen” snarare enn ein reduksjon til fordel for regionane. Såleis vil det for folket (veljarane) kanskje vere uinteressant korleis staten organiserer 2. og 3. linetenesta, berre 1. linetenesta (kommunane) si rolle vert uendra (eller styrka).

Om det no blir ei ny organisering av regionane, er eg samd med SP sitt landsmøte der, der dei seier at fylkesmannsembetet bør endrast til regionale statlige kontor for tilsyns- og lovlegheitskontroll.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Det er føresett at kommunane framleis skal vere ansvarleg for velferdstenestene til publikum, herunder fokehelsearbeid, primærhelsetenester og sosialtenester (dei tenestene som ikkje vert overført til NAV). Det er føresett at regionane skal ha ansvar for miljøvernområdet, og slik eg forstår det, skal dette området skal styrkast.

**Økonomiske konsekvensar:**

Eg vil tru at det i samband med regionreforma vert gjort klart at kommunane sine økonomiske rammer ikkje skal svekkast, men snarare styrkast.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Eg vil tru at dei nye folkevalde regionane framleis skal ha hovudansvaret for det overordna beredskapsarbeidet, men at kommunane framleis har det sivile beredskapsmessige ansvar for si geografiske eining.

Jarle B Krumsvik  
adm. sjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Møre og Romsdal Fylke  
Fylkeshusa,  
64040 Molde

Kommunal- og regionaldepartementet  
Boks 8112 Dep.  
0032 Oslo

Søre Sunnmøre Regionråd

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2007/1146

Arkivkode: 611

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/07	Kommunestyret	03.05.2007
41/07	Formannskapet	30.04.2007

## UTBYGGING HAMNEKVARTALET

### Administrasjonen si tilråding:

*Volda kommunestyre godkjenner at avtale vedteken 21.12.04 mellom utbyggingsgruppa og Volda kommune, vert transportert til Hamnekvartalet AS (SUS), i samsvar med søknad av 17.4.07 frå utbyggingsgruppa v/adv. Sande.*

*Kommunestyret set som føresetnad at utbyggingsgruppa sine representantar framleis er personleg og solidarisk ansvarleg overfor Volda kommune for dei pliktene også av økonomisk art som følgjer av avtalen av 21.12.04.*

### Vedleggsliste:

1. Brev av 17.4.07 frå adv. Sande m/vedlegg.
2. K-sak 121/04: Hamnekvartalet – Utbygging- Godkjenning av avtalar.

### Uprenta saksvedlegg:

Reguleringsplan "Del av Volda sentrum", eigengodkjent 30.1.97.

### Samandrag av saka:

I sak 121/04, møte 21.12.04, godkjende kommunestyret avtale med utbyggingsgruppa i Hamnekvartalet vedk. sikring av grunn og rettar i området. På bakgrunn av nemnde avtale, vart det m.a. gjort oreigning av grunn og rettar til fordel for denne utbyggingsgruppa, som består av Nymark, Solgard/Driveklepp og JB Eigedom AS.

I brev av 17.4.07 ber adv. Sande om at kommunen godkjenner transport av nemnde avtale til eit selskap under stifting, Hamnekvartalet AS, som skal stå for utbygginga. Eg rår til godkjenning av slik transport.

### Saksopplysningar:

I sak 121/04, møte 21.12.04, godkjende kommunestyret avtale med utbyggingsgruppa i Hamnekvartalet vedk. sikring av grunn og rettar i området. På bakgrunn av nemnde avtale,

vart det m.a. gjort oreigning av grunn og rettar til fordel for utbyggingsgruppa, som består av Nymark, Solgard/Driveklepp og JB Eigedom AS.

Det har vore halde skjøn, og dei det har vore oreigna frå, har fått sine oppgjer. Det som no står att før skøyte kan overdragast til utbyggerane, er utferding av målebrev m.m.

I brev av 17.4.07 frå adv. Sande går det fram at utbyggingsgruppa ynskjer at den avtalen dei har med kommunen vert transportert til eit aksjeselskap (under stifting) som skal stå for utbygginga, jfr. vedlagde avtale mellom utbyggingsgruppa og selskapet (udatert). Ein slik transport endrar ikkje ved dei pliktene som dei står personleg ansvarleg for i følgje avtalen mellom utbyggingsgruppa og kommunen av 21.12.04.

**Vurdering og konklusjon:**

Slik eg oppfattar det er utbyggingsgruppa avhengig av å organisere utbygginga gjennom eit eige utbyggingsselskap, organisert som eit AS. Avtalen utbyggingsgruppa har med kommunen er bindande for den enkelte, og vil stå ved lag også ved transport av avtalen av 21.12.04 til eit nytt utbyggingsselskap. Eg viser her til vedlagde avtale mellom partane dat. (udatert).

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen.

**Økonomiske konsekvensar:**

Kommunen si økonomiske stode vert ikkje endra i høve sak 121/04 ved godkjenning av transport av avtale om omtalt ovanfor. Utbyggingsgruppa sine representantar er framleis personleg og solidarisk ansvarleg overfor Volda kommune for dei pliktene også av økonomisk art som følgjer av avtalen av 21.12.04.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Jarle B Krumsvik  
adm. sjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Advokat Lars E. Sande  
Boks 58,  
6101 Volda

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Heidi Istad	Arkivsak nr.:	2007/840
		Arkivkode:	143

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/07	Formannskapet	30.04.2007
42/07	Kommunestyret	03.05.2007

## ENERGI- OG MILJØPLAN FOR VOLDA KOMMUNE

### Administrasjonen si tilråding:

Det skal utarbeidast energi- og miljøplan for heile kommunen ved innleige av ekstern konsulent.

Ut frå vurdering av innhenta tilbod vert Vestnorsk Enøk AS tildelt oppdraget med utarbeiding av energi- og miljøplan for Volda kommune.

Ramma for planarbeid, ansvar 1200 teneste 3010, vert å auke med 149000,- kr, finansiert slik:

Støtte frå Enova	94500,- kr
bruk av disposisjonsfondet	54500,- kr

### Vedleggsliste:

Førespurnad om tilbod på energi- og miljøplan  
Tilboda frå Norconsult, Rambøll, Vestnorsk Enøk og Enøksenteret.  
Utdrag frå [www.enova.no](http://www.enova.no) om kommunal energi og miljøplanlegging.

### Uprenta saksvedlegg:

#### Samandrag av saka:

Saka gjeld spørsmål om det skal settast i gang arbeid med ein energi- og miljøplan.

#### Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 8/07 følgjande vedtak vedkomande energi- og miljøplan:

*Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om Volda kommune bør søkje Enova om tilskot til utarbeiding av kommunale energi- og miljøplan som ein integrert del av kommunedelplan sentrum inkludert Mork og Furene. Dersom vi får støtte, vert dette gjennomført parallelt med kommunedelplanarbeidet i 2007.*

Eventuell utarbeiding av energi- og miljøplan vart foreslått gjennom handsaming av sak om prioriterte planoppgåver 2007. Dette planarbeidet ville komme i tillegg til det planseksjonen meinte ein hadde ressursar til, og det vart ikkje foreslått å ta ut andre planoppgåver.

For at arbeidet med energi- og miljøplan ikkje skulle gå på bekostning av dei andre prioriterte planoppgåvene, samt at ein ønska å få oversikt over både kostnader og omfang for eit slikt planprosjekt, vart det sendt ut innbyding til 4 firma om å komme med tilbud på utføring av energi- og miljøplan. Det vart føresett at planen skal utarbeidast slik at den kjem inn under Enova si støtteordning for utarbeiding av kommunal energi- og miljøplan.

Vi har bedt om tilbud der det valde firma stiller med prosjektleiar som også fungerer som sekretær med omsyn til møteinnkallingar og møtereferat. Vi ser for oss eit opplegg der det valde firmaet står for heile prosessen frå organisering av prosjektet fram mot godkjenning i det faste utvalet for plansaker. Det faste planutvalet skal vere styringsgruppe, og det skal opprettast ei prosjektgruppe.

Dei som leverte tilbud er: Norconsult, Rambøll, Vestnorsk Enøk og Enøksenteret.

Innan fristen har vi motteke tre tilbud som fyller krava i tilbodsdocumentet. Vi har motteke forslag om alternativ gjennomføring av energi- og miljøplan frå ein av tilbudshavarane.

	Rambøll Norge AS		Vestnorsk Enøk AS		Norconsult AS
Kostnader søknad	25 000,-	140 000,-	12 000,-	87 000,-	147 000,-
Kostnader plan	115 000,-		75 000,-		
Tillegg	reisekostnader		2700,- pr. møte		reisekostnader
møter/reiser/synf.	Skissert 2 møter med styringsgruppe, 2 dagars synfaring elles usikkert.		Minst 4 møter under utarbeiding av plan, elles usikkert		2-dagers oppstartmøte, prosjektmøte i Sandvika, presentasjon av konklusjonar og ev. off. høyringsmøte.
tidsbruk	Usikkert/ikkje skissert		April – nov.		April – okt/nov.

Den siste tilbudshavaren, Enøk-senteret AS, kom eit alternativt forslag som verken var kostnadsrekna eller skildra opplegg i tråd med tilbodsdocumentet. Slik sett kan ein sei at det ikkje oppfylte kriteria. Eg finn det likevel rett å orientere om forslaget. Tilbudshavaren er i ferd med å inngå samarbeid med fleire utdanningsinstitusjonar og ein kraftleverandør om ei utdanning på høgskulenivå innafor energi- og miljøplanlegging og foreslår Volda som ein pilotkommune. Hensikta med utdanningstilbodet er å vidareutvikle metodane for utarbeiding av energi- og miljøplan både når det gjeld det planfaglege og på det energi- og miljøfaglege feltet. Det er usikkert når dette prosjektet kan komme i gang, men det verkar lite sannsynleg vi får ein ferdig energi- og miljøplan innan 2007 med dette alternativet. Ein vil verken få samordning med kommunedelplanen for Volda sentrum eller kommuneplanen.

### Vurdering og konklusjon:

Det vart sagt i vedtaket frå kommunestyret at ein skulle søke Enova om støtte til utarbeiding av kommunal energi- og miljøplan som ein integrert del av kommunedelplan for sentrum og

at ein skulle gjennomføre dei to planarbeida parallelt. På Enova sine nettsider kan vi lese følgjande om krav til energi- og miljøplanar:

- *Energiplanen skal omfatte mål og planer for energiforsyning, energibruk og miljø i kommunens bygningsmasse og tilsvarende for energiforsyning/infrastruktur for energi i hele kommunen*
- *Energi- og miljømålene skal tallfestes*
- *Energiplanen skal beskrive prioriterte tiltak for å nå målene*
- *Energiplanen skal behandles og godkjennes politisk*

Det første ein må ta stilling til er på kva måte vi skal integrere energi- og miljøplanen innfor dei pågåande og prioriterte planoppgåvene. Deretter må ein ta stilling til dei økonomiske spørsmåla omring dette planarbeidet.

Integrert del av og parallell handsaming av kommunedelplan for Volda sentrum og energi- og miljøplan har fleire sider ein må ta stilling til. For det første omfattar kommunedelplanen for Volda sentrum ein avgrensa del av kommunen. Ein energi- og miljøplan kan sjølvstendig også omfatte berre ein del av kommunen, men det vanlege er at ein tek for seg heile kommunen.

For det andre vil ein energi- og miljøplan som ein integrert del av kommunedelplanen verte berre eit av mange tema innfor planen eller som ein temaplan som høyrer til kommunedelplanen. Dersom det er viktig å integrere energi- og miljøplanen i kommunedelplanen vert den også avgrensa til det same planområdet.

For det tredje vil det å skulle køyre dei to planprosessane parallelt verte ei utfordring i forhold til at vi skal ha klart eit forslag til kommunedelplan for Volda sentrum før sommarferien, mens arbeidet med energi- og miljøplan er skissert til om lag 8 månaders arbeidsomfang frå tilbudshavarane si side. Det vil seie at energi- og miljøplanen vil kunne leggjast ut til høyring i haust om lag når ein er inne i ei fase med bearbeiding/handsaming av planframlegget for kommunedelplanen for Volda sentrum.

I Enova sine krav til kommuneale energi- og miljøplanar skal den m.a. omfatte mål og planer for energiforsyning, energibruk og miljø i kommunen si bygningsmasse og tilsvarende for energiforsyning/infrastruktur for energi i heile kommunen. Ein slik energi- og miljøplan vert både mykje meir detaljert enn ein kommunedelplan og det er dessutan føresett at den tek for seg heile kommunen.

Eg meiner ein kommunal energi- og miljøplan bør dekke heile kommunen og at den bør fristillast kommunedelplanen for Volda sentrum. Det må likevel vere slik at miljø- og energitema har ein viktig plass i kommunedelplanen, som helse- og miljøkommune og gjennom føringar frå kommuneplanen og planprogrammet er vi forplikta til det.

Ved å utarbeide energi- og miljøplan som ein eigen kommunedelplan kan vi ta med heile kommunen, samtidig som planen får ein sjølvstendig status. Med tanke på oppstart av kommuneplanarbeidet som vil bli oppstarta i løpet av året vil det vere svært nyttig å ha ein energi- og miljøplan som grunnlag når ein i kommuneplanarbeidet skal utarbeide strategiar for utviklinga av Volda kommune.

På den økonomiske sida er det slik at Enova kan gi tilskot til utarbeiding av kommunale energi- og miljøplanar som dekker 50% av kostnadene opp til kr 100 000,- . Kommunen må dekke det resterande sjølv.

Dersom energi- og miljøplanen utarbeidast som ein integrert og parallell del av kommunedelplanen for Volda sentrum er det meir usikkert om Enova vil kunne gi støtte til arbeidet. Først og fremst fordi planen ikkje tek for seg heile kommunen, men det er også usikkert om Enova kan gi støtte til ei slik integrert løysing. Ein av Enova sine rådgjevarar meinte at sidan det ikkje står i reglane at dei ikkje kan gi støtte til slike løysingar så kan det vere muleg, men det var slett ikkje sikkert. Vi kan altså risikere å måtte ta heile kostnaden sjølv.

Innanfor dette alternativet kan vi utarbeide planen fullt og heilt utan kjøp av ekstern kompetanse, og berre nytte dei faglege ressursane dei ulike avdelingane i kommunen har. Dette vil derimot medføre utsetting av andre planoppgåver.

Dersom vi vel å utarbeide energi- og miljøplanen, fristilt frå kommunedelplanen for Volda sentrum, vil vi ganske sikkert vere berettiga støtte frå Enova, men uansett vert det ein eigendel som kommunen sjølv må dekke. Eigen arbeidsinnsats (lønnsmidlar) kan dekke ein del av eigendelen men dette vil avhenge av kor mykje vi sett vekk til det eksterne firmaet. Etter ein gjennomgang av dei ulike tilboda er det utan tvil Vestnorsk Enøk AS som har komme med det beste tilbudet i forhold til kostnader. Dei kan dessutan vise til fleire eksempel på energi- og miljøplanar som dei har hatt ansvaret for.

Under har eg sett inn ei oversikt over kostnader med å utarbeide energi- og miljøplan ut i frå Vestnorsk Enøk AS sitt tilbod.

Kostnadsoversikt:

<b>Kostnadspostar</b>	Eks. mva.	Inkl. mva
Honorar søknad	12000,- kr	15000,- kr
Honorar plan	75000,- kr	93750,- kr
Honorar møte (kr 2700 pr. møte)	16200,- kr	20250,- kr
Intern koordinator(førebuing, oppfølging, datainnsamling)		40000,- kr
Andre utgifter (kopiering, møtelokale, trykking, annonsering m.m.)		20000,- kr
<b>Total kapitalbehov</b>		<b>189000,- kr</b>

Samordnings- og utviklingsavdelinga, planseksjonen har ikkje budsjettert med kostnader til utarbeiding av energi- og miljøplan i 2007. Dersom ein likevel vel å sette i gong arbeid med energi- og miljøplan i løpet av 2007 er ein såleis avhengig av å få tilført meir midlar. Dette må ev. gjerast ved bruk av disposisjonsfondet.

Finansieringsplan/-behov:

Enova (50% støtte)	94500,- kr
Volda kommune, (eigne lønsmidlar intern koordinator)	40000,- kr
<i>Volda kommune, finansieringsbehov (til dekking av andre utg. og honorar).</i>	<i>54500,- kr</i>

Ut i frå vurderinga ovanfor finn eg det rett å konkludere med at ein eventuell energi- og miljøplan må utarbeidast for heile kommunen som ein sjølvstendig kommunedelplan. Dette vil vere i tråd med føringane frå Enova samtidig som det vil gi det viktige planarbeidet sjølvstendig tyngde.

Når det gjeld den økonomiske sida meiner eg dette planarbeidet er viktig å komme i gang med, før vi sett i gong arbeidet med revisjon av kommuneplanen, og at den økonomiske ramma for planarbeid dermed må aukast i samband med revisjon av budsjettet for 2007. Alternativt må ein utsette arbeidet med energi- og miljøplanen.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Energi- og miljøplanen er ein reiskap for å redusere energibruken i kommunen, samt å finne alternative og meir miljøvennlege energikjelder.

**Økonomiske konsekvensar:**

Arbeidet med energi- og miljøplanen vil medføre kostnader for kommunen og budsjetttramma for kommune- og reguleringsplanarbeid må aukast.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Energi- og miljøplanen skal munne ut i tiltak for å redusere energibruken i kommunen, samt å vurdere auka bruk av alternative energikjelder.

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Tilbodshavarane

**Klageinstans:**

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2007/1203
		Arkivkode:	601

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/07	Formannskapet Kommunestyret	30.04.2007

## SØRE SUNNMØRE INNKJØPSSAMARBEID (SSIS) - NY SAMARBEIDSAVTALE.

### Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner "Samarbeidsavtale om felles kommunale innkjøp" slik den går fram av vedlegg 1 dagsett 23.1.2007

### Vedleggsliste:

1. Forslag til ny samarbeidsavtale om felles kommunale innkjøp dagsett 23.1.2007
2. Gjeldande samarbeidsavtale
3. Evalueringsrapport om Søre Sunnmøre Innkjøpsforum 31.12.2005

### Saksopplysningar:

Søre Sunnmøre Innkjøpsforum vart etablert i 2002 som eit innkjøpssamarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Volda. Ørsta gjekk inn i samarbeidet frå 2005, og no er også Vanylven med dvs alle kommunane i Søre Sunnmøre Regionråd.

Målet med samarbeidet er optimalisering av innkjøp og ivaretaking av regelverket.

Hausten 2005 engasjerte rådmennene Westad Consulting for å evaluere samarbeidet. Evalueringsrapporten låg føre ved årsskiftet 2005/2006 (sjå vedlegg 3).

Rapporten vart lagt fram for regionrådet 7.4.2006 som gjorde slikt vedtak i sak 14/2006:

*Rådmannsgruppa vert bede om arbeide vidare med å justere samarbeidsavtalen i samsvar med tilrådingane i evalueringsrapporten frå Westad Consulting av 31.12.05*

Westad Consulting oppsummerar evalueringa slik:

*Eableringa av Søre Sunnmøre Innkjøpsforum (SSIF) har gitt deltakarkommunene store innsparingar på kjøp av varer og tenester via framforhandla rammeavtarar og ein meir kostnadseffektiv innkjøpsfunksjon. Dei driftskostnadane SSIF har i dag synest å vere forsvarlege i høve til aktivitetsnivået og kostnadsdelinga kommunene i mellom synet å vere rettferdig. SSIF har opparbeidd seg god innkjøpskompetanse og har også medverka til at deltakarkommunene sin*

*innkjøpskompetanse har blitt heva. Sluttbrukarane gir uttrykk for at dei i hovudsak er nøgde med samarbeidet med SSIF og det arbeidet SSIF gjer for kommunene.*

*Det er likevel grunn til å merke seg at mange etterlyser rammeavtalar for fleire produktområde, betre og meir målretta informasjon om SSIF sitt arbeid og om rammeavtalane. Fleire etterlyser også fleire kurs og meir produktinformasjon sidan dette etter deira oppfatning vil heve kompetansen og føre til meir kostnadseffektive innkjøp. Reint organisatoringsk sett er det stor semje om at SSIF sine administrative ressursar bør samlast på ein stad.*

*Ved å justere samrabeidsavtalen som vist til ovanfor vil ein oppnå ei viss innstramming av dei formelle sidene ved samarbeidet, samstundes som ein oppnår betre innsyn, og dermed betre styring, kontroll og kvalitetssikring av SSIF sitt arbeid.*

Evalueringsrapporten tilrår følgjande justeringar av samarbeidsavtalen:

- *Samarbeidsavtalen bør ha eit punkt om organisering og bemanning*
- *Samarbeidsavtalen bør ha eit punkt om at det skal utarbeidast årlege driftsbudsjett. Ein vil då få synleggjort også andre kostnader enn løn, samstundes som ein får ein sjekk på om kostnadsdelinga mellom deltakarkommunene er "rettferdig".*
- *Samarbeidsavtalen bør ha eit punkt om at årsmeldinga skal sendast rådmannen i dei respektive deltakarkommunene for innarbeiding i dei kommunale årsmelingane. Dette vil gi høve til innsyn og auka fokus på innkjøpssamarbeidet og vere med på å kvalitetssikre dette.*
- *Det bør gå klarare fram av samarbeidsavtalen korleis informasjonsutvekslinga skal vere slik at denne blir meir formalisert og målretta.*
- *Det bør også gå fram av samarbeidsavtalen korleis ein skal prise, evt. utlikne ei mogleg skeivfordeling av SSIF sin ressursbruk mellom kommunene.*
- *Dersom aktivitetsnivået til SSIF skulle bli vesentleg auka, må ein på det tidspunktet på nytt gå gjennom avtalen for å sjå nærmare på om det då vil vere behov for ytterlegare justeringar.*

Rådmannsgruppa oppnemnde ei arbeidsgruppe beståande av rådmennene i Ulstein, Sande og Hareid til å stå føre arbeidet med å lage eit justert forslag til samarbeidsavtale.

Forslaget til ny samarbeidsavtale vart lagt fram for regionrådet i møte 6.2.2007 i sak 40/2006 (utsett frå møte 25.11.2006) som gjorde slikt vedtak:

*Regionrådet sluttar seg til prinsippet om vidare samarbeid om innkjøpsordninga.  
Rådmannsgruppa utarbeider felles sak til handsaming i kommunane.*

Saka vert med dette fremja for kommunestyra i dei einskilde kommunane for endeleg handsaming av den nye avtalen.

### **Forslaget til ny samarbeidsavtale**

Det har vore vurdert fleire alternative måtar å organisere dette samarbeidet på. Målet har vore å gjere det så enkelt og lite byråkratisk som mogleg samstundes som strukturen blir stramma opp, jfr. evalueringa.

Vi har enda opp med å foreslå ein vertskommunemodell, og at styret består av rådmennene som møtest jamt i andre samanhenger. Det er føresett at det skal tilsettast ein person i heil stilling som vert knytt til ei av kommunane (vertskommunen) som har arbeidsgjevar- og leiaransvar for stillinga. Denne kommunen skal i tillegg ha ansvaret for drifta av samarbeidet med kontor, utstyrshald, budsjett, rekneskap og årsmelding, og den tilsette skal vere sekretær for styret.

Vi vil behalde noverande innkjøpsforum som består av ein representant frå kvar av kommunane, og som er samarbeidsorganet mot kommunane i det praktiske arbeidet med innkjøp.

Det ligg såleis til grunn ein auka ressursbruk frå 80% til 100% stilling. Dette er grunngeve i auken frå 5 til 7 kommunar, og at rekruttering av god kompetanse er vanskelegare utan heil stilling.

Fordelingsnøkkelen er den same som ved nojeldande avtale, dvs. halvparten av utgiftene delt likt mellom kommunane og resten fordelt etter folketal. Dette meiner vi er ei fornuftig fordeling sidan arbeidet med rammeavtalar og fellesavtalar i avgrensa grad vert påverka av folketalet i den enkelte kommune.

Avtalen gjeld fram til utgangen av 2009 og vert automatisk forlenga for eitt år om gongen dersom ingen av kommunane seier den opp med eitt års varsel.

Det er vidare lagt opp til at val av vertskommune vert avgjort av styret, og ved denne avgjerda kan det vere aktuelt å ta omsyn til kvar den som blir tilsett som innkjøpsrådgjevar ynskjer å bu og arbeide.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Innkjøpssamarbeidet som har vore etablert i regionen har gjeve både kvalitets- og kostnadsfordelar for dei deltakande kommunane gjennom kompetanseauke og den styrken som ligg i store innkjøpsvolum. Med 7 deltakande kommunar vil innkjøpsvolumet ha bakgrunn i ei befolkning på 45 000 innbyggjarar.

Dette arbeidet er viktig å vidareføre gjennom ei meir strukturert organisering som vi meiner den reviderte avtalen vi gje.

Eg vil derfor rå til at kommunestyret godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Dei økonomiske føremonene ved felles innkjøpssamarbeid er dokumentert i tidlegare saker om dette, og i saksutgreiinga ovanfor.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ikkje vurdert.

Jarle B Krumsvik  
adm. sjef

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Avdelingsleiarane

Kommunane på Søre Sunnmøre

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Jarle B. Krumsvik	Arkivsak nr.:	2007/1205
		Arkivkode:	044

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
44/07	Formannskapet Kommunestyret	30.04.2007

## **DELEGASJONSREGLEMENTET. ENDRING.**

**Administrasjonen si tilråding:  
Føreslegne endringar i delegasjonsreglementet vert vedtekne.**

### **Vedleggsliste:**

- 1. Gjeldande delegasjonsreglement**
- 2. Delegasjonsvedtak etter brann – og eksplosjonsvernlova**

### **Saksopplysningar:**

Delegasjonsreglementet vart vedteke av Kommunestyret den 26.10.06. Samtidig vedtok ein at reglementet skulle evaluerast etter 2 år.

Kommunestyret har imidlertid sagt at ein allereie no ynskjer å sjå på reglementet på nytt, og difor legg eg no saka fram. Eg har ikkje oppfatta kva ein eventuelt ynskjer å endre på. Dei endringsforslag som no vert lagt fram er difor berre to tillegg som vart utegløymt sist.

Det er:

1. Nytt punkt 2.4A. Vedtak etter Introduksjonslova.  
Administrasjonssjefen har mynde til å treffe vedtak og ta avgjerd etter introduksjonslova.
2. Nytt punkt 2.17. Vedtak etter brann – og eksplosjonsvernlova  
Sjå eige delegasjonsvedtak i K sak 107/02.

Dersom ein ynskjer omfattande endringar er det viktig at saka vert sendt på høyring før endeleg vedtak i Kommunestyret.

Jarle B Krumsvik  
adm. sjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**